



Plan for omsorgsberedskap i Vestnes kommune

Omsorgsberedskapsgruppa si rolle

Omsorgsberedskapsgruppa i Vestnes kommune skal kunne aktiverast når akutte hendingar, kriser eller ulykker utløyser behov for tverrfagleg, psykososial innsats utover dei ordinære einskildtenestene til kommunen, lensmannen og kyrkja.

Omsorgsberedskap er del av kommuneplanen

Vestnes kommune sin plan for omsorgsberedskap er ein tverrfagleg beredskap knytt til helse- og sosiallovgivinga og ein delplan knytt til kommunen sin kriseleiingsplan.

Frå 2011 har omsorgsberedskapsgruppa slik samansetjing:

Fast medlem:	Telefon:	Vara:	Telefon:
Kommuneoverlege Jan Fjeldheim	920 15 749	Kommuneoverlege Gitte Vinther	907 55 270
Driftsleiar BUT Helene Brendeløkken	979 62 670	Ass. driftsleiar BUT - Jørgen Wiik	957 33 997
Psykatrikoordinator Iren Nakken	948 14 138	Leiande helsesøster Inger Nakken	416 94 501
Lensmann Hans-Eirik Pettersen	91 63 18 02	Viggo Klokset	907 21 108
Sokneprest Finn Arne Roaldsnes	908 29 737	Sokneprest Signe Hellevik	911 23 045

**Kommuneoverlege Jan Fjeldheim er planansvarleg og leiar av omsorgsberedskapsgruppa.
Leiar delegerer ansvar / koordinatoransvar for einskildhendingar.**

Innsatsgruppe

Omsorgsgruppa kan i arbeidet gjere seg nytte av ei **innsatsgruppe** (andre fagpersonar / frivillige som vert kontakta av gruppa sjølv etter behov). Innsatsgruppa vert innkalla av omsorgsberedskapsgruppa sjølv, og må innkallast når opplæring og/eller evaluering skal finne stad.

Følgande personar er p.t. knytt til innsatsgruppa: Helsesøster Kirsten Lilleheim, familierettleiar Ann Helen Vik, helsesøster Anita Kvalsvik, barnevernleiar Elisabeth Rundtom, samt diakon ved kyrkjekontoret, Sigurd Moltubakk og jordmor/helsesøster Anne-Marlen Løvik Salte.

Aktivering av omsorgsgruppa

Omsorgsberedskapsgruppa skal kunne aktiverast på følgjande måtar:

- På eige initiativ frå medlemmane i omsorgsberedskapsgruppa
- Etter initiativ frå vakthavande lege, ambulanspersonell, AMK-sentralen eller vakthavande brannbefal
- Etter pålegg frå kriseleiinga i kommunen (adm.sjef og ordførar)

Aktivering skjer ved å varsle Vestnes sjukeheim – tlf 711 84155

Vestnes sjukeheim varslar medlemmane i gruppa. Varsling skjer pr telefon. Vara vert kalla inn dersom ein medlem ikkje kan møte, eller dersom ein ikkje oppnår svar hos medlemmen. Sjukeheimen skal melde kort kva krisesituasjon som har oppstått, og at gruppa skal møtast på formannskapssalen / Rådhuset.

Organisering av arbeidet i gruppa

Gruppa samordnar arbeidet sitt sjølv. Leiar eller koordinator for hendinga, kallar inn omsorgsberedskapsgruppa 1 - 2 døgn etter hendinga. Her skal den aktuelle handteringa evaluerast. Her skal det m.a. drøftast om, og eventuelt korleis, framhaldande aktivering /oppfølging frå den tverrfaglege omsorgsgruppa si side er ivaretatt. Leiar skal innkalle omsorgsberedskapsgruppa til faste møte minst 1 gong pr halvår.

Administrative forhold

Gruppa sjølv vurderer kontinuerleg samansetting av gruppa og av innsatspersonell, og om det er behov for nye medlemmar. Kommunetilsette kan berre vere med i samråd med sin driftsleiar. Personar som deltek i omsorgsgruppa, og som ikkje er tilsette i kommunen, vil ikkje få løn frå kommunen, og må klarere tidsbruken med sin arbeidsgjevar.

Kommunalt tilsette som deltek i omsorgsberedskap utanfor ordinær arbeidstid i ein krisesituasjon får utbetalt løn/avspasering etter gjeldande reglar. Innsats som strekkjer seg over meir enn 1 døgn, skal avklarast med aktuelle driftsleiarar.

Planleiar / kommuneoverlege har ansvar for å oppdatere planen. Melding om endringar og oppdateringar skal kunngjerast på nettsidene under "beredskap." Endringsmeldingar må også gå til sjukeheimen v/driftsleiar, og til kommunen si kriseleiing v/ ordførar, administrasjonssjef og beredskapskoordinator.